

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte, og merknader til referatet må meldast til arve.uthaug@if.uib.no før neste møte.

Møtedato: 7. mai 2008

Til stades: Frå gruppe A, fast vitskapleg tilsette: Margareth Hagen, Lillian Helle, Randi Koppen, Pernille Myrvold, Beatrice Sandberg, Margery V. Skagen
Frå gruppe B, mellombels vitskapleg tilsette: Camilla E. Skalle
Frå gruppe C, administrativt tilsette: Trym N. Holbek, Kristin T. Skogedal
Frå gruppe D, studentar: Silje Drevdal, Harriet Cecilie Strømmen, Anders Tangen, Siri Vevle

Frå instituttleiinga møtte instituttleiar Leiv Egil Breivik, undervisningsleiar Harald Ulland og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug, alle utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Uthaug opplyste at vedlegga til sakene 8 og 9 ved ein glipp ikkje hadde lege ute på nettet saman med dei andre sakspapira. Fullstendige sakspapir vart delte ut i møtet til dei som trong det, og alt er no også lagt ut på nettet (www.framandsprak.uib.no).

Elles kom det ingen merknader til innkallinga og saklista.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 13. februar 2008

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. IF har fått ansvaret for følgjande fagfelt under den nasjonale ordninga med opprykk frå førsteamanuensis til professor: engelsk språkvitskap, amerikansk litteratur og italiensk språkvitskap. Komiteane er oppnemnde og i gang med arbeidet.
- B. To vitskaplege stillingar ved IF er lyste ut i vår: ei førsteamanuensisstilling i italiensk språk etter Fulvio Leone (6 søknader) og ei professor-/førsteamanuensisstilling i arabisk språk og kultur etter Joseph N. Bell (alle søknadene er enno ikkje komne inn). Fakultetet har dessutan lova at stillinga etter Jostein Børtnes skal lysast ut. Instituttet har òg fått grønt lys for ny utlysing av eit stipend i tolking som tidlegare har vore lyst ut utan at nokon er blitt tilsett.
- C. Det blir eit første møte i forskingsutvalet ved IF i slutten av vårsemesteret.
- D. Studentrepresentant Inger Dynes går ut av vervet på grunn av utanlandsopphald.
- E. Fakultetet har varsla ei omorganisering av fakultetsadministrasjonen. Det vil bli oppretta ein ny seksjon for forskning og utvikling. Den nye fagøkonomstillinga ved fakultetet blir lagd til denne seksjonen. Sonja Dyrkorn blir leiar av den nye seksjonen, og ny leiar av studieseksjonen ved fakultetet vert rekruttert gjennom intern utlysing.

Sak 4 – strategiplan for instituttet 2008-2010

Instituttleiari orienterte om bakgrunnen for saka, og rådsleiari Sandberg sa seg glad for at rådet får planen til fråsegn.

Koppen lurte på kva som var meint med punktet om å arbeida for å etablera ein lokal forskarskule for litteratur, når det allereie finst éin slik ved fakultetet. Breivik svara at formuleringa her bør endrast eller takast ut.

Koppen ville fjerna ordet ”toleranse” under hovudmålet for utdanninga ved instituttet. Ulland viste til at dette ordet kom inn etter innspel på strategiseminar 7. mars. Helle meinte òg ordet ”toleranse” burde fjernast, medan Sandberg ikkje kunne sjå at det skada at ordet var med.

Koppen reiste spørsmål om tilsetjing av universitetslektorar i fast stilling. Ho viste til at det var ulike syn på dette ved instituttet. Punktet er omtala både under forskning og under utdanning i strategiplanen, og Koppen meinte det burde fjernast frå utdanningsdelen. Ulland meinte òg det var nok at punktet berre vart ståande under forskning. Uthaug forsvara ønsket om å tilsetja universitetslektorar med å visa til at instituttet allereie brukar ein god del universitetslektorar som er mellombels tilsette. Fast tilsetjing vil gje ein betre og meir stabil situasjon for både lektorane, instituttet og studentane, meinte Uthaug. Det vart understreka i samtalen at undervisninga bør vera forskingsbasert, men Breivik meinte samstundes visse typar elementærundervisning ikkje alltid trong vera forskingsbaserte. Dette har òg rektor i eit dialogmøte tidlegare i år vist forståing for. Skalle og Hagen var skeptiske til å signalisera at instituttet ønskjer å tilsetja lektorar. Hagen peikte på at instituttet nok har meir undervisning enn det vi har stillingar til. Hagen nemnte at spørsmålet òg har ei organisatorisk side og viste til at universitetet kan velja å leggja språklæring til eigne språksenter. Skalle og Hagen var redde for at lektortilsetjingar kunne koma til å favorisera personar med undervisningserfaring framom ferdige doktorandar med mindre undervisningsrøynsle. Breivik streka under at instituttet slett ikkje ønskte å ekskludera menneske som er ferdige med doktorgrad. Breivik foreslo at den eine av referansane til lektortilsetjingar vart fjerna frå strategiplanen. Koppen meinte punktet ikkje hørde heime under utdanningsstrategi. Det burde heller leggjast inn under eit avsnitt om personalpolitikk e.l. dersom det i det heile skulle vera med i planen. Myrvold syntest det var positivt med meir faste ordningar for undervisningsstillingar, og at vi ikkje berre brukte ei rekkje ulike timetilsette som ofte vart skifta ut. Ho syntest det var bra at planen hadde med eit punkt om faste stillingar som universitetslektor. Strømmen reiste spørsmålet om kva som var meint med mest mogleg bruk av forskingsbasert undervisning? Ulland meinte dette var eit stort og vanskeleg spørsmål. Hagen meinte at ein enkelt sagt kunne seia at forskingsbasert undervisning var kjenneteikna av at dei som underviste, hadde forskingskompetanse. Tangen slo til lyd for den pedagogiske kompetansen, og at ein ikkje måtte sjå seg blind på høgaste vitskaplege kompetanse når det galdt basal opplæring i språkfaga. Breivik konkluderte med at punktet om universitetslektorar burde bli flytta, men at det burde bli ståande.

Helle peikte på dilemmaet mellom at ein skal arbeida for høgare studiepoengproduksjon, samstundes som ein skal satsa på internasjonalisering. Når studentane reiser til utlandet for å ta emne, ”misser” instituttet desse studiepoenga. Og instituttet blir heile tida målt opp mot studiepoengproduksjonen. Holbek trekte fram at ein òg må sjå på forholdet mellom utreisande og innreisande studentar. Forskarmobilitet bør føra til fleire innreisande studentar. Koppen trudde derimot ikkje det var mogleg å utjamna skilnaden mellom ut- og innreisande studentar, og ho meinte som Helle at det her var to ulike politiske strategiar som kolliderte. Holbek viste til at partnerskap i internasjonale studieprogram var ein måte å trekkja til seg utanlandske studentar, og han meinte mykje kunne gjerast for å betra balansen. Hagen meinte desse grepa uansett ville vera arbeidskrevjande, og at vi har store

utfordringar m.a. av språklege grunnar. Helle poengterte at det var viktig at dei som organiserte gode opplegg for studentar som reiser ut, ikkje blir tapande.

Sandberg viste til punktet om auka internasjonal publisering, og trekte fram problemet med vektinga av ulike publiseringskanalar. Breivik viste til at dette sorterer inn under Universitets- og høgskulerådet og dei ulike nasjonale fagråda. Han orienterte om arbeidet som er gjort på dette feltet, og at det framleis ikkje er for seint å koma med framlegg til endringar. Instituttleiinga kunne senda ut nærare informasjon om desse spørsmåla dersom det var behov for det.

Hagen bad om at overskrifta "likestilling" vart endra til "likestilling mellom kjønna". Ho foreslo òg eit nytt punkt om at instituttet burde bruka arbeidstidsrekneskapen som reiskap til å få ei jamn arbeidsdeling mellom kjønna. Breivik støtta framlegget frå Hagen.

Sandberg meinte planen burde få med noko om betre oppfølging av undervisningsevalueringane.

Skagen viste til likestillingstiltaket som opnar for tre månaders ekstraengasjement av ferdige kvinnelege doktorandar. Ho spurde om stipendiatar som hadde fått barn, også kunne få tilleggsforlenging utover fødselspermisjonen, slik ordninga hadde vore før. Ho meinte ei slik forlenging knytt til fødsel var meir rettferdig enn eit tre månaders ekstraengasjement basert på kjønn. Uthaug var samd i dette. Men ordninga med tilleggsforlenging utover fødselspermisjonen gjeld ikkje lenger. Hagen opplyste at ein no kan be om forlenging av stipendperioden frå og med første sjukdomsdag, og at dette gjeld både eigen sjukdom og barns sjukdom.

Sak 5 – fagdimensjoneringsplan for instituttet 2008-2010

Breivik orienterte kort om planen, som er laga etter oppmoding frå fakultetsleiinga.

Helle uttrykte forståing for at fagdimensjonering var eit vanskeleg felt, og syntest instituttleiinga hadde lagt fram ein rimeleg plan. Sandberg slutta seg til Helle i at planen verka rimeleg. Sandberg var òg glad for at kulturstillinga på engelsk ser ut til å bli ført vidare, og viste til at dette var ei viktig stilling m.a. for Europaprogrammet. Hagen var kritisk til diagramma som var lagt ved planen, og peikte på at dei ikkje måtte lesast som ei vurdering av arbeidsinnsatsen som vart gjort av dei tilsette på dei ulike faga. Hagen vona at ein i framtida òg ville ha med statistikk for forskinga. Breivik var heilt samd i at statistikk for forskinga òg burde med i framtida.

Det kom ingen innvendingar mot stillingsprioriteringane som var skisserte i utkastet til fagdimensjoneringsplan.

Sak 6 – HMS-plan for instituttet 2008

Det blir felles sommaravslutning for instituttet 11. juni kl. 17.00, opplyste Breivik. Sandberg etterlyste oppfølginga av praktiske spørsmål som kom opp under hms-runden rundt på kontora hausten 2007. Uthaug viste til at ein god del er følgt opp, og at ein kan ta kontakt med Skogedal og melda frå om det som måtte mangla.

Sak 7 – drøfting av instituttnamnet

Det kom fram ulike syn på instituttnamnet. Nokre syntest "framandspråk" var for smalt og usynleggjorde kultur- og litteraturdisiplinane. Andre syntest det noverande namnet var kort og fungerte godt, og at alternativa som var gjort framlegg om, òg hadde svake sider. Det vart òg peikt på at instituttet ikkje sjølv kan bytta namn, men at ei slik endring må gjerast på høgare nivå. Det vart òg peikt på at det ikkje er noko i vegen for å ta dei ulike disiplinane med i dei framandspråklege versjonane av instituttnamnet (sjå www.framandsprak.uib.no, under "informasjon for ansatte" – "husreglar" – "instituttnamn").

Hagen meinte namnet Institutt for framandspråk òg senda feil signal i norsk samanheng. Skagen spurde om ikkje det vart skapt tvil om nordisk var inkludert om vi gjekk over til Institutt for moderne språk, litteratur og kultur. Uthaug støtta det noverande namnet og meinte det var kort og godt. Breivik var samd med Uthaug, og la til at dersom eit lengre namn skal vera presist, må ein òg ha med lingvistik i tillegg til språk. Drevdal oppfatta "språk" i det noverande instituttnamnet slik at det dekte alle dei ulike disiplinane, og problematiserte framlegget Institutt for moderne språk, litteratur og kultur. Vevle syntest ikkje nokon av alternativa til det noverande namnet var gode nok til å støtta ei namneendring. Strømmen syntest det noverande namnet var eit heilt greitt namn. Helle meinte at ingen av alternativa til det noverande namnet var heilt gode.

Sandberg konkluderte med at ein fekk tenkja vidare på namnespørsmålet.

Sak 8 – informasjon og rutinar i den nye instituttstrukturen

Uthaug viste til informasjonsrutinane ved instituttet (vedlegg til innkallinga). Nytt frå IF har no kome med første nummer, og instituttet har innført som fast praksis at alle høyringssaker blir sende ut til instituttet. Samstundes var Uthaug samd i at leiinga kunne bli betre med interninformasjonen, og at dette var eit viktig spørsmål som måtte følgjast opp t.d. på ei fellessamling. Hagen meinte informasjonsansvar til fagkoordinatorane burde synleggjerast betre.

Breivik orienterte om dei nye rutinane for vurdering av søkjarar til universitetsstipend: Instituttleiariar oppnemner no ein komité, som kan rangera inntil sju søkjarar ut frå gitte retningslinjer. Etter å ha fått rangeringa frå komiteen, sender instituttleiariar over si vurdering til fakultetet. Deretter blir søkjarane frå alle institutta vurderte av éin felles fagovergripande komité ved fakultetet. Kvart institutt har ein representant i denne komiteen. Til slutt gjer så fakultetsstyret vedtak om kven som skal få stipend.

Ved neste utlysing av stipend, sender instituttleiinga ut ei orientering til instituttet om den vidare prosessen og når ting skjer.

Sak 9 – kommunikasjonsstrategi for Det humanistiske fakultet

Helle meinte planen var ryddig og grundig. Holbek etterlyste programstyra i planen, og meinte planen burde ha omtala kva rolle desse styra skal ha i kommunikasjonsstrategien.

Sak 10 – ymse

Ingen saker.

Beatrice Sandberg,
leiar

Arve Kjell Uthaug,
sekretær